



MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Kongsvinger, 22. februar 2018  
Vår ref.: 18/294  
Avdeling for digitalisering og fellesfunksjoner

## Vedtak om opplysningsplikt: MELAND KOMMUNE skal delta i undersøkinga Transport med varebilar

Statistisk sentralbyrå (SSB) treng informasjon frå MELAND KOMMUNE for å lage offisiell statistikk om Transport med varebilar. De skal rapportere kvartalsvis. Nedanfor får de informasjon om kva opplysningsplikta inneber. Informasjon om sjølve rapporteringa og fristar får de seinare i eit eige brev.

### Kva skal de rapportere?

Spørsmåla de skal svare på, gjeld type køyring og køyrde kilometer fordelt på regionar, type vare som blir transportert, og drivstofforbruk..

### Svara dykkar er viktige

Formålet med undersøkinga er å kartlegge bruken av varebilane i Noreg, og å forbetre datagrunnlaget om transporten som blir utført av varebilar, kombinerte bilar og små lastebilar. Dette transportsegmentet får aukande betyding framover, spesielt i byane. Saman med data frå den faste undersøkinga om lastebilar vil det vere mogleg å gi eit komplett bilete av godstransporten på veg.

Statistikken vil bli brukt til regional og nasjonal planlegging av infrastrukturtiltak, blant anna i samband med utarbeidinga av Nasjonal transportplan og ved analysar opp mot andre transportformer.

På <https://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/transpsg> kan de lese meir om korleis de svarer på undersøkinga.

### De har plikt til å rapportere innan fristen

Statistikken er så viktig for samfunnet at det ikkje er valfritt å delta. Opplysningsplikta gjeld for verksemda/verksemdene som er lista opp på baksida av brevet. Sender de ikkje opplysningane innan fristen, vil føretaket få tvangsmulkt.

### Har de skifta namn, næring eller adresse?

Dersom føretaket har endra namn, næring (verksemd/aktivitet) eller adresse, må de melde dette til Brønnøysundregistra ved å bruke del 1 av Samordna registermelding på [www.brreg.no](http://www.brreg.no).

### Aktuelt regelverk

- plikt til å gi og rett til å hente inn opplysningar: statistikkloven § 2-2
- rett til å påleggje tvangsmulkt: statistikkloven § 2-3
- rett til å tvangsinndrive mulkt og krevje betaling for kostnader: tvangsfullbyrdelsesloven
- rett til å klage på eit vedtak: forvaltingsloven kapittel VI

Desse lovane finn de på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no).

### Meiner de at vedtaket er feil?

Meiner de at føretaket ikkje har opplysningsplikt, kan de klage på vedtaket innan tre veker rekna frå de tek imot vedtaket. De må grunngi klagen, og alle opplysningar som kan ha konsekvens for behandling av klagen, bør takast med.

Det er Finansdepartementet som er klageinstans, men de sender klagen til Statistisk sentralbyrå, Seksjon for energi-, miljø-, og transportstatistikk, Postboks 8131 Dep., 0033 Oslo eller på e-post til [datafangst@ssb.no](mailto:datafangst@ssb.no). Klagen må innehalde desse punkta:

- ✓ namnet og organisasjonsnummeret til føretaket
- ✓ kva for statistisk undersøking det gjeld
- ✓ dokumentasjon på årsaka til at de meiner de ikkje har opplysningsplikt

### Har de spørsmål?

De kan ta kontakt med svartenesta vår på e-post [datafangst@ssb.no](mailto:datafangst@ssb.no) eller telefon 62 88 51 90 dersom noko er uklart eller de har spørsmål om vedtaket. Svartenesta er open kl. 09–15 alle kvardagar. Ha organisasjonsnummeret til føretaket klart, så kan vi hjelpe dykk raskare. For spørsmål om Altinn ta kontakt med brukarservice på telefon 75 00 60 00.

Med helsing



Birger Vikøren  
administrerende direktør



Anne Sundvoll  
underdirektør

## Vedlegg: Oversikt over dei bilane som skal delta i undersøkinga

De skal gi opplysningar om desse bilane:

**Bilens  
regnr:**

---

ST65251

---

SU23825

Dette er dei bilane vi har opplysningar om i dag, men vedtaket vil også kunne omfatte nye bilar i føretaket.